

Sigurd Halvorsen

Telemarksgt 11

Norsk boksamling, box 524

— skien. —

I senkram en gros.

**Tømmersager, naaler,
haker og øxer.**

Telefon 484 — privat 952.

Skien

Moderne Kaaper

i stort utvalg til 45, 50,
70, 90 og opov.

Nye Kaape- og Dragstoffer.
Gratis klipping, naar
stof kjøpes.

Ingeborg Olsen.

Telefon 356. Liegaten.

Nr. 268.

Kjem ut kvar yrkedag
og koster 5 kr. fjordungaaret.

Skien, tysdag den 18. november 1924.

Lysingar 12 øre pr. m.m.
20 øre paa 1. og 2. sida.
Faste lysingar etter avtale

16. aar

Ja, dei bør skamma seg!

Under yverskrifti «Vankunna som vaapen» peika me paa den loskute agitasjonen som Riksmålsforbundet driv med aa plukka ut sjeidsynte landsmaalsord for aa syna kor «uførstaaeleg» dette maalet er. Me svara med aa plukka ut i fleng nokre riksmålsord som for faakunnige folk er liksom vanskelege aa skyna. No ser me at mange riksmålsblad fordømer paa det sterkaste den «idiotiske riksmålsagitasjonen», som «Sinnalenens Socialdemokrat» kallar det. Nemnde blad skriv soleis m. a.:

«Dumbeter! Nærværende blads redaktør anser sig for at være en noksa fuldtro riksmålsmand, men han skammer sig, hvergang riksmålsordet henfalder til denslags banaliteter.

Det er ikke fair play at agitere paa denne maate. Hvem er det nemlig som i første række vil gi dette tull sit bifald? Jo folk, som læser selv riksmålet saa daarlig, at de sitter og staver tredjehvert ord og neppe kan sies at beherske to tredjedele av de mest almindelige ord i det sprog som de mener er deres. Det er disse halve og trekvart analfabeter «Riksmålsbladet» her fier til!

Men hvad betyr det?
Jo, det betyr, at bladets redaktion selv og riksmålsledelsen sætter sig i klasse med den tykkste sproglige uvidenhed i landet.

Tror man, at det er paa den maate man bekjemper maaltvængelsen, saa tar man sørgelig feil.

Riksmålsforeningen og dens blad

kan bare skade riksmålets sak i alle meningsberettigede sine ved at drive en saa fjellet agitation.

Den fri konkurranse mellem de to sprog hverken vil eller kan fornuftige riksmålsfolk opta nogen kamp mot»

Det gjer godt aa sjaa at det trass alt finst skynsame riksmålsfolk som finn grunn til aa gje sine meiningsbrør ei paaminning.

Men det er ei frukt av den same ureidelege og usanne agitasjon naar det same blad vidare skriv:

«Det er maaltvængens politiske overgrep maaltvæng og maaltvæng vi har at bekjempe. Og det er riksmålets uikyke, at de har hat saa daarlige venner og talsmænd at vi ikke alene har maattet doe overgrebene, men ogsaa har faaet en lovmaessig odelæggelse av det officielle riksmaal, der sætter al sproglig kontinuerlighed og kontinuitet overstyr.

Alle som kan sjaa objektivt paa denne sak, vil vita at det er ingen grunn til aa tala um politiske yvergrip og maaltvang fraa maalfolket si side. Ingen kan nemna eit umraade der maalfolket vil tvang og yvergrip. Her er framleis mykje spraaktvang i landet, men det er maalfolket som lid under den. Dette bør og riksmålsfolk kunna sjaa. Skal det ikkje snart verta slutt med den umgripsforvirring?

Olav Sletto.



Olav Sletto, Elveland, Nørlis forlag.

Dette er andre boki eg hev lesi av landsmaalslitteraturen for i aar som er skrivi i e-g-form, her som brev til ein ven.

Det er «Elveland» desse brevi krinsar um, lande attmed Gløra, Ringeriksbygdene, dit forfattaren flutte eitt aar i vaar sea, som høgskulestyrar.

Desse brevi er ein lovsong til dette Elvelande, til naturi og dei-ra kultur. Diktaren og filosofen gjeng hand i hand og syner oss og gjer oss kjend med alt i dette rike sitt som han hev vorti so hugtekin i.

Romeriks-bonden hev ikkje havt det med aa skuva seg sjølv og sitt fram. Han hev vori baade for bljug og for byrg og sjølvhjelp til det. Det laut i tilfelle andre gjera. Men desse andre hev leti det vori, for det meste daa. Difor

kan det sjaa ut som desse bygdar ikkje hev havt nokon sermerkt kultur eller soge. Sletto meiner at dei hev likso sermerkete ting i denne leid som Østerdalen. Gudbrandsdalen og Telemark. Dette kan vel so vera; men daa var det kje fortidleg det vart dregi or gøymsla.

Forfattaren er elles inne paa mange ting, soleis som det kan høve seg i brev. Noko av det mest forvitne av desse attmedting er dei tottar av si eigi livssoge som denne merkjelege mannen gjev oss. Med ein fager glorie yvi fortelnaden skildrar han minni fraa dei lukkelege barneaari paa den einsame garden i Hol i Hallingdal heime hjaa dei kjærlege, skynsame besteforeldri. Attum garden uppe i ei bergskorte hadde han «kontore» sitt med han var litin, ein steinring med nokre uhøvla fjølar til bord.

«Her i dette «kontoret» sat eg

21 aar gamal og skreiv ei liti bok «Dei gamle». Det var eit velfar til besteforeldri der nede paa garden. I sin barnslege age for bøker og lesehug, hadde dei gjeve meg ein barndom lysare og rikare enn jam vel barn i store kaar har faatt seg tilrekna».

I det gilde eventyre han fortel finn eg den beste «plan» for ungdomsskolen i vaart land eg enno hev sett rita.

Alle stadir i desse brevi er strøyydd inn sann, trufast livsvisdom — alltid med ein varm religiøis undertone.

Paa slutten i boki er nokre off-roismer, tankesetningar, som ingen kan støype so klaare og reinskorne og djerne som Sletto.

Og so den daanrike maalføringi. Faa er so vare med stillingi på diktarfela si som Sletto. Over- og understrengir svarar einannan i ein einaste samljod.

Tov Flatin.

Noregs Bondelag og Noregs Ungdomslag.

Nytt svar fraa Os.

Norges Bondelags pressekontor sannar i eitt og alt det som eg hev upplyst i mi utgreiding. «Fasitt» er soleis den same baade etter min og N.B.P.'s rekne-maste. At N.B.P. læst som det ikkje kan lesa innanboks og les fa-sitten attlengs, gjer ingen skilnad. Det skamdjerve paastandet som N. B.P. fyrst sette fram, at «der ikke er utsendt nogen ting fra Norges Bondelag til ungdomslagene i N. Ul.» kjem i sitt rette ljøs naar det same N. B.P. lyt vedkjenna seg alle dei faktiske

tilfelle som eg hev peika paa.

Det var ikkje uventa at sentralstyret vilde vri seg undan med aa hevda at det berre er Norges Bondelag som hev havt klørne ute etter ungdomslagi. Og N. B. er upolitisk. Norges Bondeparti som er den politiske samskipnaden hev ikkje havt noko med det. Dei som dette argumentet bit paa, nyttar det ikkje aa ordskiftast med. Bon-desamskipnaden er no ein gong for mange ein ny Janus, ein gud med 2 halvandel: Norges Bondelag paa den eine sida og Nor-

Fyre opningi av banen Gvarv--Bø.

Sørlandsbanen gjennom Telemark fylke.

Som fyrr meldt gjeng ein ut fraa at Sørlandsbanen fram til Bø vil verta opna for vanleg trafikk den 1. december. Fraa den tid vil det dagleg verta køyrt 1 tog kvar veg Bø—Gvarv, soleis at toget kjem til Bø kl. 1.45 em. og gjeng attende kl. 5.30.

Idag vil det verta køyrt eit prøvetog, der banedirektøren, distriktchefen, yverinspektøren og nokre andre vil vera med. Det hev sjølv sagt mykje aa seia for Bø at banen no vert opna dit so snart den er ferdig. Ein kan vel og gaa ut ifraa at det vil verta so mykje trafikk paa denne stubben at drifti vil bera seg. Banestykket Gvarv—Bø er 7 km. Av serleg interesse paa denne banestubben er den 85 m. lange jarnbrui yver Bøelvi ved Gvarv, den største spennviddi paa

jarnbanebruer her i landet. Denne brui hev kosta mykje arbeid og pengar og er eit teknisk kunstverk.

Fraa Gvarv er det den siste maanaden lagt skeinur 11 km. upp yver, altso eit godt stykke forbi Bø. Stasjonen i Bø er so godt som ferdig. Sjølv banen fær no ei siste avpussing fyre opningi. Ved Skogen i Bø er det lagt eit pukkverk som skal levera finpukk til 40 km. av banen. Der arbeider ei moderne gravemaskin som tek halvtanna tonn pukk i kvart lyft!

Arbeidet paa Sørlandsbanen fram til Lunde er so langt kome at banen truleg kan opnast næste haust. Fraa Bø til Lunde er 14 km. Fyrst kjem ein til Tjønn-aas stoppestad, som det hev vore so mykje strid um. So gjeng det

vidare langs Eika-elvi og Nord-elvstjønn, yver den 20 m. lange steinkvelvbrui ved Svensid og til stasjonen for Nordbygd. Lenger nede gjeng banen yver Austeraa, der det med mykje arbeid paa den vanskelege grunn er bygt ei platejarnbru med 7 spenn, kvart paa 20 meter. Her hev ein maatt bruka ei mengd pølar, — so mange at dersom ein la pølane etter kvarandre vilde det verta ei dryg norsk mil.

Alle brukari er no ferdigbygde. Jarnyvergangen vert ikkje monte-ra fyrr til vaaren naar skeinegan-gen kjem fram dit.

Deretter hev me den store brui yver elvi — kanalen — i Lunde. Det vert ei av dei største bruer paa Sørlandsbanen, eit hovud-spenn paa 81 meter og tvo side-spenn paa 35 m., bygt paa same maate som brui ved Akkerhaugane. Jarnverket vert levera av Erik Ruud, Oslo. Høgdi yver vanleg vatstand er 13 meter, og baata-ne kan soleis gaa under utan aa leggja mastene eller skorsteinen ned. Det store midtspennet vert montera utan stillas, — vert bygt

ut stykke for stykke. Monteringskraner paa sjølv bruspennet heisar deilane upp. Midtspennet vert bygt ut fraa kvar side, dei skal møtast og klinkast saman paa midten, og daa gjeld det at ein hev rekna og bygt rett. Monteringi av brui er no kome so langt at den eine halvparten sprikjer ut yver elvi, medan den andre halvparten godt og vel er paabyrja. Heile brui vil vega umlag 575000 kg. og vil kosta kring 700.000 kr.

Fyrste stasjon sud for Lunde vert Tyri. Det er mange tunellar sud yver der, soleis 585 m. gjennom Bukkefjell og ein paa 755 m. gjennom Skargrimfjellet nær Naksjø st. Yver Sagelvi er det ei steinbru paa 25 m., deretter hev ein Kjeosen st. ved garden Tveit. Yver Solbergelvi er ei 32 m. lang steinbru. Ein tunnell gjennom Kje-aasfjellet er 750 m. lang, og deretter hev ein Kjeosen bru — ei stor steinkvervbru med 3 spenn, — midtspennet er paa 40 m.

Næste stasjon er Drangedal st. ved nordenden av Toke og deretter hev me Eggevaag, som sta-

sjonen paa Voje skal heita. Ved Neslandsvatn st. greiner banen seg i hovudlina vest yver til Gjerstad og i sidelina til Kragerøy. Paa sistnemnde lina vert stasjonane Merkebekk, Farsjø, Sannidal, stoppestaden Vafoss og so endestasjonen Kragerøy. Paa dette stykket vert fleire tunellar og smaabruer. Skeineleggjingi skal byrja fraa Kragerøy næste haust, 5 km. opp yver. Ein vonar at banen kan opnast heilt fram til Kragerøy i budgettaaret 1926—27, og naar ein kjem so langt vil ein kunna reisa den 247 km. vegen fraa Oslo til Kragerøy paa terre 1 time meir enn ein no brukar til Brevik, eller ialt 6—7 timar.

Siste yverslag for banen Kongsberg—Kragerøy var paa 69,741,000 kr. Av dette er til no løyvt 54 mill.

Sidelina Neslandsvatn—Kragerøy — 26,5 km. — er rekna til 14 mill. kr.

So spørst det daa um staten i dei næraste aari kan skaffa dei pengar som trengst til denne banen, som vil faa so stort verd for store partar av Telemark fylke.